



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Myklebust Energi AS
v/Per Jarle Myklebust
6826 BYRKJELO

Vår dato: 10 JAN 2012
Vår ref.: NVE 200802355-17 ki/oegr
Arkiv: 312 /087.C
Dykkar dato: 15.04.2008
Dykkar ref.: Per Jarle Myklebust

Sakshandsamar:
Katarina Eftevand
22 95 95 15

Myklebust Energi AS – Søknad om løyve til bygging av Daleelva kraftverk i Daleelva, Gloppen kommune, Sogn og Fjordane fylke - oversending av NVE sitt vedtak

Vi syner til dykkar søknad datert 15.04.2008.

Vedlagt oversender vi NVE sitt løyve til bygging og drift av Daleelva kraftverk med tilhøyrande vilkår. Løyvet er gitt i medhald av § 8 i vassressurslova

Ei nærare grunningjeving for løyvet er gitt i vedlagte KSK - notat 3/2012 - Bakgrunn for vedtak. Vi syner til merknadene til vilkåra i dette notatet for krav til utforming av anlegget.

Vi understrekar at løyvet etter vassressurslova gjeld Daleelva kraftverk og tilhøvet dette har for dei allmenne interessene i vassdraget. Løyvet gir ikkje rett til oreigning. Tiltakshavar har sjølv ansvar for å avklare dei privatrettslege forholda til ev. andre som har rettar i området.

NVE sine sakshandsamarar når det gjeld godkjenning av detaljplanar for miljø og sikkerheit er Randi Holme i Seksjon for miljøtilsyn og Egil Hyllestad i Seksjon for damsikkerheit. Vi viser elles til NVE sin rettleiing 1/2008 "*Veileder for planlegging, bygging og drift av små vassdragsanlegg med konsesjon*" som finst på <http://www.nve.no/miljotilsyn>. Vi framhever at det ikkje må setjast i gong noko anleggsarbeid før planane for arbeida er godkjende av NVE. Vi minner om at tiltakshavar må sjå til at planane er i samsvar med kommunal reguleringsplan og/eller arealplan.

Når kraftverket vert sett i drift, skal skjema for melding om idriftsetting av vasskraftverk fyllast ut og sendast til NVE. Skjemaet er tilgjengeleg på NVE sine internettsider.

NVE gjer merksam på at den som ønskjer å starte kraftproduksjon minst ein månad i føreveg skal registrere verksemda i det tolldistriktet der verksemda har sin forretningsstad i samsvar med reglar frå Toll- og avgiftsdirektoratet. Registreringsplikta gjeld for kraftproduksjon i aggregat med generator som har ein merkeyting på 100 kVA eller meir. Kraft produsert i slike anlegg er avgiftspliktig. Årets rettleiar for forbruksavgift på elektrisk kraft finst på www.toll.no. Meir informasjon kan fåast ved å vende dykk til næraste tollstad.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Høvet til energilova

I tillegg til denne konsesjonen etter vassressurslova må ein ha nødvendig løyve etter energilova før utbygginga kan starte. Samstundes med innsending av detaljplanar må det liggja føre ei endeleg avklaring frå netteigar om at det er ledig kapasitet i lokalt og overliggande nett. I tillegg må tilknytning av høgspeintanlegg vere avklara med områdekonsesjonær. NVE vil ikkje godkjenne detaljplanane før dette ligg føre.


Om klage og klagerett

De kan klage på denne avgjerda til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kapittel VI. Retten til å klage er avgrensa til paratar (grunneigarar, rettshavarar og konsesjonssøkar) og andre med rettsleg klageinteresse (hovudsakleg organisasjonar som representerar dei interesser som saka vedkjem). Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing



Øystein Grundt
seksjonssjef



Katarina Eftevand
overingeniør

Vedlegg: 2 Vassdragskonsesjon for Daleelva kraftverk
KSK-notat 3/2012 – Bakgrunn for vedtak

Kopi m. vedlegg:

Gloppen kommune, Grandav. 9, 6823 SANDANE
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER
Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Askedalen 2, 6863 LEIKANGER
Statens Vegvesen, Region Vest, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER
Sogn og Fjordane Turlag, Postboks 10, 6801 FØRDE
SFE Nett AS, Bukta, 6823 SANDANE